

## Saksutgreiing:

# STRATEGIPLAN FOR HYDROGEN PÅ VESTLANDET

Sakshandsamar: Tore Solheimslid, Hordaland

---

**Vedlegg:** Hydrogen region Vestlandet – Strategi og handlingsprogram 2019/2020

---

### Bakgrunn

I 2016 tok fylkeskommunane på Vestlandet initiativ til eit fagleg samarbeid knytt til hydrogen som energiberar, eit område der regionen kan oppnå ein leiande posisjon ved å utnytte sine naturgjevne og komparative fortrinn i overgangen til ein låg- og nullutsleppsøkonomi. DNV (Det Norske Veritas) vart engasjert til å gjennomføre ein analyse av mulegheitene for produksjon, bruk og verdiskaping knytt til hydrogen på Vestlandet, inkludert behovet for infrastruktur.

Studien konkluderte med at dei fire fylka på Vestlandet har kompetanse, aktørar og energitilgang som gjev mulegheiter for ei tydeleg rolle i ein framtidig hydrogenøkonomi. Særleg gjeld dette innanfor hydrogenproduksjon og bruksområde som industri, maritim transport, havbruk og stasjonære hydrogen-tilstraum-anlegg til bruk på stadar med manglande eller ingen tilgang til straumnett.

Dei viktigaste funna og konklusjonane frå denne mulegheitsstudien vart lagt fram for Vestlandsrådet, og i handsaminga av budsjettet for 2017 vart det vedteke at der skulle setjast av midlar til arbeid med ein hydrogenstrategi for Vestlandet (sak 05/17).

### Hydrogen på Vestlandet: framlegg til strategi for 2019-2020

I strategiprosessen har dei fire fylka sett av personalressursar til arbeidet, og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt prosjektleiinga. Det er gjennomført fleire arbeidsmøte og samlingar, der det har kome innspel til prosessen frå interessentar i næringslivet, forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar og andre offentlege aktørar.

Arbeidsgruppa har definert eit framlegg til overordna mål for hydrogensamarbeidet fram mot 2020:

***Vestlandet skal vere ein leiande region, eit levande laboratorium, i utvikling og bruk av hydrogen som energiberar.***

Gjennom dette arbeidet skal vi bidra til reduserte utslepp av klimagassar, styrke det regionale næringslivet si grønne konkurransekraft og vere fremst i omstillinga til eit nullutsleppsamfunn.

For å nå ei slik målsetjing er det naudsynt å gjere nokre strategiske prioriteringar. Som regionale utviklingsaktørar kan fylkeskommunane ta ei pådrivarrolle innanfor følgande område:

- Utbygging av infrastruktur
- Offentlege innkjøp som drivar
- Kompetanseheving i regionen
- Nettverksarbeid nasjonalt og internasjonalt

Kvar prioritering er omtalt i kapittel 5 i strategidokumentet. Vidare i kapittel 6 inneheld dokumentet eit framlegg til handlingsprogram for 2019-2020.

Arbeidsgruppa tilrår at det vert oppretta ei 50% koordinatorstilling som kan administrere arbeidet og gjennomføre fleire av fellestiltaka som er planlagt.

### **Budsjett og finansiering**

Framlegget til budsjett gjeld for 2019. Det vert føresett ny og tilsvarande løyving for arbeidet i 2020. Eksterne kostnader kan vere innleige av konsulentbistand, møtekostnader, reiser og liknande.

<b>Tiltak</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Prosjektleder, koordinatorstilling 50%	400 000
Eksterne kostnader knytt til gjennomføring av handlingsprogram	400 000
<b>Totalt</b>	<b>800 000</b>

<b>Finansieringsstad</b>	<b>Beløp 2019</b>
Koordinatorstilling: Vestlandsrådets eige budsjett	400 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	100 000
Hordaland fylkeskommune	100 000
Rogaland fylkeskommune	100 000
<b>Totalt</b>	<b>800 000</b>

## **Forslag til vedtak:**

- Vestlandsrådet vedtek hydrogenstrategien for 2019-2020
- Vestlandsrådet løyver 400 000 NOK til arbeidet i 2019, og tilrår at fylkeskommunane løyver 100 000 NOK kvar frå eigne budsjett
- Arbeidsgruppa kjem tilbake med ein framdriftsrapport og framlegg til ny løyving for 2020

Håkon Schwalb  
kst fylkesrådmann

Arne Hope  
sekretariatsleiar

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*